

J17 med 8-0 siger over Åsane 2

10.06.2018



Fair Play med dommer før kamp.

Rosendal/Uskedal (R/U) J17 laget styrte det meste på bana i denne kampen, noko sluttresultat 8-0 vitnar om. Åsane 2 vart stort sett spelt av bana, men klarte å skapa nokre sjansar i periodar der R/U mista konsentrasjonen. Dette var ein fortent siger til J17 jentene.

Også i denne kampen måtte J17 laget henta spelarar frå J14 laget til Rosendal. Det var 5 J14 jenter med og dei er heilt klart med å prege kampen. Ina var fast på J17 laget i fjar, men spelar denne sesongen med G15 laget til Rosendal.

Allereie etter 9 minutt driblar Guro seg fri og sender Ina aleine gjennom, rundar målvakta og set ballen i mål til 1-0. Nokre minutt seinare får Ina igjen ballen frå Guro, går aleine mot målvakta, vel å sentre til Emma som trillar inn 2-0. Etter 18 minutt kjem Ina på nytt fri og dermed er stillinga 3-0 til R/U jentene.

J14 jentene sette som nemnt preg på kampen, etter 21 minutt spel snappar Nora ein pasning på midtbana, sender denne vidare til Emma som rundar målvakta og set inn 4-0. Etter 28 minutt spelar Guro på ny Ina fri i bakrommet, rundar målvakta og set inn 5-0 målet. Eit par minutt seinare spelar Lena seg framover på bana, får spelt vidare til Emma som skyt ballen via stolpen og i mål til stillinga 6-0.

I andre omgang tar det bare 20 sekund før Nora spelar opp til Ina som går aleine mot målvakta, rundar og trillar inn 7-0 målet. Åsane 2 er nå meir med og har nokre gode sjansar, men klarar ikkje å få ballen i mål. Etter 56 minutt er på ny Guro på farten, får ballen på 18 meter og set skotet over målvakta til Åsane 2 og heilt inntil stolpen til venstre for målvakt, eit særdeles fint mål til stillinga 8-0 som og vart sluttresultatet.

Ina og Emma lagar kvar sitt hattrick i denne kampen, Ina med 4 og Emma med 3 mål. Nora spelar igjen ein god kamp og har mange fine gjennomspel til spissane. Alle J14 jentene gjer ein god figur i kampen og trenar Tor Gundersen håpar å få låna spelarar frå dette laget ved seinare høve. Samspelet mellom Ina og Guro må trekkast fram, det sit som ei kula.

Laget:

May Beate Brakstad

Lene Furdal

Marte Bøyum (c)

Amalie H. Rød

Eli Omvik

Thea S. Taranger

Guro K. Leganger

Lisa Jonetta Ølvestveit

Siri Furdal

Ina T. Sandvik

Emma K. Øen

Hanna Tvilde

Ingeborg Flatebø

Nora C. Sætrevik

Neste heime kamp for J17 jentene går på kunstgrasbana i Uskedalen 19. juni kl. 18:30. Motstandar er Odda 9-er som med ein kamp meir spelt, har 2 poeng meir en R/U. Odda ligg på 2. og R/U på 3. plass på tabellen.

R/U jentene treng all den støtta dei kan få frå foreldre, føresette og andre, slik at R/U klarar å hamla opp med Odda. Med siger over Odda klatrar R/U til 2. plassen på tabellen.

Tekst: Tor Gundersen / Hans Ordin Østebø / Facebook: Rosendal Fotball

Foto: Tor Gundersen

Nett: Hans Ordin Østebø